

Skulereglar

FORMÅL

På Kongshaug musikkgymnas ønskjer vi å leggje til rette for eit kristent skulemiljø med gode arbeidsforhold og rike moglegheiter for å utfolde og utvikle seg – fagleg, åndeleg og sosialt. Vi ønskjer at desse skulereglane skal sikra at alle på skulen, både elevar, lærarar og føresette, har ein felles forståing av rettigheitar og plikter i skulekvardagen, samt kva tiltak som kan setjast inn ved eventuelle brot på reglane.

Skulereglane skal på same måte som anna pedagogisk arbeid på skulen fremme respekt, samarbeid, medverknad og eit trygt og godt skulemiljø for alle, jf. [opplæringslova §12-2](#). Dei kristne verdiane våre fremmer toleranse og nestekjærleik, og vi trur at alle menneske er elska av Gud og har same verdi. Dette er grunnlaget for alt som skjer på Kongshaug.

§ 1 VERKEOMRÅDE

Skulereglene gjeld for alle elevar ved Kongshaug musikkgymnas. Reglane gjeld i skuletida. Det inneber både skuletimar, friminutt, ved arrangement i skulens regi og ved skuleturar. Elevanes åtferd til og frå skulen vert regulert også av disse reglane. Det som skjer i det digitale rom, f.eks. gjennom elevens pc-er og telefonar vil også kunne bli omfatta av skulereglene. Krenkingar i det digitale rom, både utanfor skulens område og utanfor skuletida, f.eks. i internatmiljøet, vil kunne sanksjonerast etter skulereglene dersom dei har sterk nok tilknytning til skulen og skulemiljøet.

§ 2 ORGANISERING AV SKULEDEMOKRATIET

Elevane har rett til elevdemokrati gjennom elevråd eller eventuell annan organisering dersom elevane veljer det. Elevrådet har ein representant i skulestyret, jf. [privatskulelova 5A-4](#) og [5A-5](#). Skulen skal sørge for at elevane får være med på å planleggje, gjennomføre og vurdere skuleverksemda, blant anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skulereglar, jf. [privatskulelova § 5A-4](#)

§ 2 ELEVANES RETTAR

Elevar ved Kongshaug musikkgymnas har rett til

- opplæring i samsvar med [privatskulelova §2-3](#), og godkjende læreplanar
- eit trygt og godt arbeids- og læringsmiljø der skulen arbeider målretta og systematisk for et godt samarbeid mellom lærarar og elevar, jf. [privatskulelova §2-4](#).
- tilpassa undervisning og regelmessig tilbakemelding om fagleg nivå, slik at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine, jf. [opplæringslova §11-1](#)
- individuell undervegsvurdering, dvs. en grunnlagt informasjon om kompetansen til eleven som skal gis som meldingar med sikte på fagleg utvikling. Det skal gjennomførast minst en fagsamtale kvart halvår mellom elev og faglærer, jf. [privatskulelova §2-3a](#).

- tilbakemeldingar om fagleg og sosial utvikling gjennom dialog med kontaktlærar, jf. privatskuleforskrifta kapittel 6. Dersom eleven står i fare for manglande vurderingsgrunnlag grunna fråvær eller andre årsaker, skal skulen straks varsle eleven eller føresette (dersom eleven ikkje er myndig) skriftleg. Jf. privatskuleforskrifta §6-7.
- å medverke og ytre meiningane sine i alt som gjeld egen opplæring. Eleven skal bli høyrd og elevens meining skal vektleggjast etter alder og modning, jf. privatskulelova §5A-2.
- hjelp gjennom pedagogisk psykologisk rådgiving eller annan rådgiving dersom det er behov, eller det har skjedd eit alvorleg regelbrot, jf. privatskulelova §§3-11, 3-11a.
- å forklare seg ved reglementsbrøt. Dei føresette har rett på skriftleg melding ved alvorlege eller gjentatte regelbrot når eleven ikkje er myndig.
- rådgiving om utdanning og yrkesval.

§ 3 ELEVANES PLIKTER

Elevar ved Kongshaug musikkgymnas har plikt til

- å bidra til eit godt samarbeidsklima, og et trygt og godt arbeids- og læringsmiljø for alle.
- å møte presis til, og delta aktivt i undervisning og opplæring slik den blir gitt. Stort fråvær eller andre særskilte forhold kan føre til manglande vurderingsgrunnlag til å gi karakter i eitt eller fleire fag, jf. [privatskuleforskrifta §6-2](#)
- å delta på den daglege skuleandakten. Dette er ein viktig samling for skulefellesskapet, der det gis felles informasjon og undervisning i faget «Kristentru»
- *å rette seg etter skulereglene i dette dokumentet*

§ 4 DELTAKING I OG FRÅVÆR FRÅ UNDERVISNINGA.

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skulereglane. Skulen skal sørgje for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp ([Opplæringslova §10-6](#)). Å kome for seint til timane, saman med andre merknadar, kan føre til nedsett ordenskarakter. Det same gjeld ugyldig fråvær, jf. [privatskulelova §5A-7](#)

Om det er naudsynt av omsyn til karaktergrunnlaget, har skulen anledning til å påleggje eleven å møte til ekstra prøver. Normalt skal det søkjast om fri til alt fråvær på førehand. Alt fråvær blir ført på skulen sin digitale læringsplattform, Visma In School (VIS). Du har sjølv plikt til å halde deg orientert om fråværet ditt gjennom skuleåret. Du har krav på skriftleg melding frå skulen så snart det er fare for at du ikkje får terminkarakter eller standpunktkarakter, eller at terminkarakteren eller standpunktkarakteren blir 1. Det same gjeld om det er fare for at du kan få standpunktkarakteren «Nokså god» eller «Lite god» i orden eller åtferd.

For inntil samanlagt 10 skuledagar i eit opplærings år, kan ein elev krevje at følgjande fråvær ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom det kan dokumenterast at fråværet skuldast:

1. Helse- og velferdsgrunnar. For at slikt fråvær ikkje skal førast på vitnemålet eller kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei erklæring frå behandlar
2. Arbeid som tillitsvald
3. Politisk arbeid
4. Hjelparbeid

5. Lovpålagt oppmøte
6. Representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå.
7. Nokon få timar av køyreopplæringa

For at fråvær som skuldast helsegrunnar etter pkt. 1 ikkje skal førast på vitnemålet eller på kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skuldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter pkt. 1 på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

Organisert studiearbeid og skuleadministrative gjeremål etter avtale med faglæraren eller rektor, skal ikkje reknast som fråvær. Innanfor ramma av 10 skuledagar kan elevar som er medlemmar av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, krevje at inntil to dagar fråvær som er knytt opp mot ei religiøs høgtid, ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset.

I vidaregåande skule skal eleven ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunkt-karakter ved fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget skyldast slike grunnar som er nemnde i pkt. 1 – 7 over. Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent ikkje-dokumentert fråvær i eit fag, også få vurdering med karakter. Ei slik avgjerd ligg hos rektor. Læraren må i alle høve ha tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter, jf. tredje ledd, jf. privatskuleforskrifta §6-2. Det kan lesast meir om fråvær i [«Rundskriv for fraværgrensa»](#) på Udir sine sider.

Alt fråvær frå opplæringa, uavhengig av grunn, skal i utgangspunktet telle med i fråværeprøva. Dersom elevar er borte på grunn av en rettighet dei har etter opplæringslova, er det ikkje fråvær. Det kan for eksempel vere rådgiving på skulen, møte med PP-teneste, organisert studiearbeid som er avtalt med faglærer i forkant, elevrådsarbeid o.l. som er godkjend av skulen og avtalt samtale med rektor eller andre tilsette. Opplæring i heimen eller på institusjon, på grunn av langvarig sjukdom eller liknande, er ein del av den ordinære opplæringa og reknast ikkje som fråvær.

§ 5 ORDEN OG ÅTFERD

Det blir gitt éin karakter i orden og éin i åtferd. I vurderinga tar ein også med i kva grad eleven følgjer ordensreglane som er fastsett for skulen. I vurderinga av orden og åtferd skal skulen ta omsyn til eleven sine føresetnader. Alle skal etter beste evne bidra til eit trygt og godt miljø på skulen, og søkje å leve opp til omgrepet god orden og åtferd, jf. [privatskuleforskrifta §6-5](#).

God orden og god åtferd er definert slik:

- Elevane sine arbeidsvaner er prega av ansvar, orden, ryddigheit, punktleghet og pålitelegheit
- Eleven er omsynsfull, real og høfleg mot andre elevar, lærarar og andre tilsette.

Ordenskriterier

- **Ansvar:** Ta ansvar for skulen sitt inventar og utstyr.
- **Orden og ryddighet:** Ha med seg bøker og anna utstyr til timen, ha på seg riktige klede i gymnastikktimane, ha orden på sitt eige fråvær, setje ting på rett stad etter bruk, og leggje eigen telefon i mobilhotellet før kvar undervisningsøkt
- **Pålitelegheit:** Halde avtaler, gi beskjed dersom upårekna ting skjer, vere til å stole på, tale sant, respektere andre sin eigedom.
- **Punktlegskap:** Møte til riktig tid og avslutte til riktig tid, levere oppgåver til riktig tid, levere tilbake lånt materiell til avtalt tid.

Åtferdskriterier

- **Ansvar:** Ta ansvar for medelevar som treng hjelp og støtte.
- **Omsynsfull:** Respektere andre sine behov for arbeidsro og gode arbeidsforhold, dele godar rettferdig, vise omtanke for personar som har vanskeleg for å hevde sin rett.
- **Real:** Ta opp problem med den det gjeld, gjere opp når noko er gjort gale, ikkje fuske på prøver.
- **Høfleg:** Vise respekt for lærarar og medelevar, vente på tur, leggje band på seg for ikkje å såre andre, ikkje drive med ikkje-fagleg aktivitet i timane (eks. bruke mobiltelefon eller dataspel), ha eit kultivert språk og rette seg etter beskjeder eller instruksar får lærar.

Klare avvik frå normalt god orden og åtferd vil føre til nedsett ordens- og/eller åtferds-karakter. Rektor har ansvaret for at standpunkt-karakterar i orden og i åtferd blir fastsett etter drøfting i møte der lærarane til eleven er til stades. Endelege karakterar i orden og åtferd skal fastsetjast etter at opplæringa er avslutta.

§ 6 UNDERVISNINGSGUTSTYR OG VERNEREGLAR

Eleven får låne/leige naudsynt undervisningsutstyr. Kostnader til kladdebøker, arbeidsbøker som ikkje kan brukast av andre, og personlege instrument, må eleven dekke sjølv. Elevane har plikt til å følgje vernereglane og bruke det verneutstyret som faget eller skulen påbyr.

§ 8 SPESIELLE KRAV TIL ÅTFERD

- På Kongshaug musikkgymnas er det ikkje tillate å oppbevare eller bruke røyk, tobakk, snus, vape eller e-sigarettar. Det er heller ikkje tillate å bruke eller oppbevare alkohol eller andre rusgifter, eller opphalde seg rusa på skulen sitt område. Forbodet gjeld også ved ekskursjonar og turar organisert av skulen.
- Det er forbode å fotografere og offentleggjere bilete av personar, utan løyve.
- Du må levere tilbake bøker, instrument eller anna materiell som du har lånt frå skulen, før du sluttar.
- Skulen godtek ikkje krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering ([jf. opplæringslova § 12-3](#)).

Åtferd som ikkje blir akseptert:

- Mobba eller på andre måtar gjere andre utrygge eller redde.
- Utøva eller truga med fysisk vald.
- Fuska eller prøva å fuska.
- Ha med, bruka eller vera påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel.
- Ha med og/eller nytta farlege gjenstandar.
- Bruka plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet.

- Delete bilete, videoar eller lydfile av andre elevar, barn eller vaksne utan samtykke.
- Oppsøkja nettsider eller offentleggjera innhald av rasistisk, nazistisk, pornografisk eller på annan måte krenkjande karakter på dei digitale einingane til skulen og nettverk.
- Forstyrra undervisninga, til dømes med bruk av elektronisk utstyr.

§ 7 REAKSJONAR

Alle brot på skulen sitt reglement vert registrert i skulen sitt merknadssystem. Dette dannar grunnlag for ordens- og åtferdskarakter og andre reaksjonar. Eleven har alltid rett til innsyn i dei merknadane som er registrert på vedkomande i skulen sitt merknadssystem. Om ein elev ikkje rettar seg etter dei krava skulen har sett, kan skulen nytte følgjande tiltak:

Refsingstiltak (Jf. [opplæringslova §13-1](#))

- Påtale frå lærar
- Merknad i skulen sitt merknadssystem
- Melding til foreldre
- Nedsett ordenskarakter eller åtferdskarakter
- Påtale frå rektor/inspektør
- Utvising frå resten av undervisningstimen etter læraren si avgjersle
- Konfiskering av ulovlege gjenstandar
- Erstatning ved skade som er påført ved aktløyse eller med vilje

Særskilte tiltak

- Bortvising frå skulen i maks fem dagar etter rektor si avgjersle
- Læraren kan utvise eleven frå si eiga undervisning for éi undervisningsøkt, men maks to klokkeimar, jf. [privatskulelova §3-10](#)
- Utvising for resten av skuleåret, eller for godt. Jf. privatskulelova §3-10. Dette gjeld dersom en elev vedvarande har vist en slik oppførsel at det går utover orden og arbeidsro i skulen, andre elevars trygghet og trivsel, og/eller grovt forsømmer sine plikter, blant anna ikkje betaler skulepengane (jf. økonomiforskrift til [privatskulelova kap. 5](#)). Det kan medføre at eleven taper sine elevrettigheter etter [§ 3-1 i opplæringslova](#). Det er fylkeskommunen som gjer vedtak etter [privatskulelova §3-10](#), andre og tredje ledd om bortvising eller tap av retten til vidaregåande opplæring. Dette vil i så fall være eit enkeltvedtak.
- Politimelding av straffbare forhold

Eleven skal ha høve til å forklare seg munnleg før refsingstiltak eller særskilte tiltak blir sette i verk. Føresette til elevar som ikkje er myndige, skal ha melding ved bort- eller utvisning frå skulen, eller dersom eleven fleire gongar tidlegare er blitt refsa ved påtale for brot på reglementet.

Det skal gjerast enkeltvedtak av rektor dersom ein elev bortvises frå skulen meir enn to klokkeimar. Eit enkeltvedtak skal gjerast skriftleg med grunngjeving, og eleven har rett til dokumentinnsyn. Eleven har også klagerett på enkeltvedtaket. Det er departementet, ved statsforvaltar som er klageinstans, jf. [forvaltningslova kap. VI](#).

Inndraging av gjenstandar m.m.

- Misbruk av mobiltelefon eller andre gjenstandar kan føra til at desse blir inndregne i ein avgrensa periode.

- Ved gjenteke misbruk av gjenstandar som nemnt i punktet over kan skulen bestemma at eleven ikkje får lov til å ta med slike til skulen i ein bestemt periode.
- Ulovlege rusmiddel og ulovlege gjenstandar skal inndragast og overlatast til politiet.
- Skulen har ein sjølvstendig rett til å inndra ulovlege gjenstandar som er nemnt i § 8 i skulereglane.

Tilgang til klage

For klage knytt til bort- eller utvisingsvedtak, gjeld dei generelle reglane i forvaltingslova. Dette er heimla i [forvaltingslova § 2](#). Sjå òg kapittel VI i forvaltingslova. Av forvaltingslova går det fram at slike vedtak skal vere skriftlege og grunngjevne, og at partane skal verte underretta om vedtaket så snart som mogleg etter at det er fatta. Klage på enkeltvedtak skal vere skriftleg. **Klaga må skrivast innan tre veker** etter at klagaren er blitt kjent med vedtaket, og må sendast til det næraste overordna forvaltingsorganet til den som har fatta vedtaket. For vedtak fatta av rektor er departementet v/ statsforvaltaren klageinstans. Klaga sendast via rektor.

Lepsøy, november 2024